



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

MEDLEMMER:

Programstyreleiar	Katarzyna Julia Leikvoll, førsteamanuensis	møtt
Programkoordinator	Katarzyna Julia Leikvoll, førsteamanuensis	
Vitskapeleg tilsett	Anne Skaansar, førsteamanuensis (forskningstermin, 2023)	
Vitskapeleg tilsett	Steinar Sætre, førstelektor	Møtt
Vitskapeleg tilsett	Anna Svingen-Austestad, førsteamanuensis	Møtt
Studentrepresentant	Tooti Blom Nyan	Møtt
Vara for studentrepresentant	Karin Hylin	Møtt
Programstyresekretær	Fredrik Berntsen Due	Møtt

Møte 9/2023

Arkivnr: 2023/885

Protokoll til møte i programstyret for PPU-KMD

Fredag 27.10.2023 kl. 09:00 – 11:00

Rom: 110 - GA

I. Godkjenning av innkalling og dagsorden

Godkjent, men feil rom i sjølve innkallinga

II. Godkjenning av protokoll frå programstyremøte 01.09.2023

Godkjent

III. Saker

Sak 15/23 Studentevaluering

Vedtak:

Programstyret oppfordrar dei emneansvarlige til å ha ein tettare dialog med studentane om evaluering av emna. Programstyresekretær utarbeider forslag til nytt evalueringsskjema som skal vere kortare enn tidlegare. Mål om å sende ut til studentane i veke 46.

Sak 16/23 Sekundæropptak og fråvær

Flyttast til neste møte

Sak 17/23 Timar til praksiskoordinering

Diskusjonssak:

Fordeling av arbeidsoppgåver på fagleg- og administrasjons nivå må avklarast. Skrivet som er utforma i 2020 må reviderast utifrå noverande stab på studieprogrammet.

Sak 18/23 Ressurskutt

Diskusjonssak:

Saka er drøfta, og blir tatt opp igjen med den framtidige redesignplanlegginga av studiet.

Sak 19/23 5-årig programevaluering

Vedtak:

Programstyret godkjenner framdriftsplan for 5-årig programevaluering.

Sak 20/23 Fast periode for kontinuasjonseksamen

Vedtak:

Programstyret ønsker at kontinuasjonseksamenar skal vere ferdig før undervisningsstart i august. MUDI201 og MUDI202 får ei eiga ordning då dei har praktiske eksamenar: for studentar som skulle ha fullført i vårsemesteret får tilbod om kontinuasjonseksamen i oktober/november; studentar på deltid 2 som skal ha kontinuasjonseksamen i MUDI201 tar dette saman med studentane på deltid 1 i den ordinære eksamensperioden i vårsemesteret.

IV. Orienteringar

Status praksisavtale Bergen Kulturskule

Søknad fremragende underviser – frist i januar

V. Eventuelt

Frå studentar - om mittuib

Bergen 27.10.2023

Katarzyna Julia Leikvoll
Programstyreleder

Fredrik Berntsen Due
Sekretær